



Prosjektstyring Vest AS  
Arne Kristiansen  
Postboks 66  
5318 STRUSSHAMN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10001 - 23/39335

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
01.08.2023

## Vedtak om gebyr for brot - gbnr 322/218 Mjåtveit

**Administrativt vedtak:** Saknr. 526/23  
**Tiltakshavar:** Mjåtveit Næringspark AS  
**Ansvarleg søkjar:** Prosjektstyring Vest AS  
**Ansvarleg utførande:** Vassbakk & Stol AS

**Vedtak om ilegging av gebyr for brot på plan- og bygningsloven:**  
**Med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) §32-8 andre avsnitt, jf. byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 fyrste ledd bokstav c nummer 3 vert Mjåtveit Næringspark AS ilagt eit gebyr for på kr 60 000,- for uaktsamt brot på plan- og bygningsloven.**

**Med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) §32-8 andre avsnitt, jf. byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 fyrste ledd bokstav c nummer 3 vert Vassbakk & Stol AS ilagt eit gebyr for på kr 60 000,- for uaktsamt brot på plan- og bygningsloven.**

**Oppfylingsfristen er 4 veker.**

### Saka gjeld

Alver kommune sendte 12.01.23 førehandsvarsel om gebyr for brot på bakgrunn av høg turbiditet i Kloppedalsbekken og Mjåtveitelva.

### Bakgrunn (henta frå førehandsvarsel)

Alver kommune har ved fleire anledningar hatt oppfølging av manglande oppfylling av reguleringsbestemmelsar og godkjenningar etter pbl. i samband med grunnarbeid for Mjåtveit næringsområde. Det vart 11.01.23 konstatert nok eit tilfelle med svært høg turbiditet som følgje av pågåande arbeid på næringsområdet.

Alver er av den oppfatning at brotet i dette høvet er forsettlig/uaktsamt fordi tiltaket er gjort i strid med tiltaksplan og reguleringsbestemmelsar samt at tilsvarande brot også har skjedd tidlegare.

I forkant av at kommunen 16.12.22 sa at arbeidet kunne fortsette vart det utarbeida ein tiltaksplan som de forplikta dykk til å følgje. Den seier mellom anna;

- **Avtale med utførende entreprenør at det ikke skal pågå gravearbeid rett etter eller under mye nedbør.**

Og i oppstartsplan;

### 7) Ingen arbeider på tomten skal pågå ved mye nedbør

Det har siste uke både vore varsla og falt vesentlig nedbør. Vi har likevel registrert at det har pågått arbeid på eigedommen med graving og sprenging.

Januar 2023

Dato	Min. temp.	Maks temp.	Gjennomsnitt	Normal temp.	Nedbør mm (måles kl 07)
1.	-4,0°	2,0°	-2,3°	2,7°	8,0
2.	-3,3°	-1,4°	-2,6°	2,7°	0,0
3.	-4,6°	4,6°	1,7°	2,7°	0,0
4.	3,2°	7,5°	4,7°	2,7°	0,2
5.	0,2°	4,1°	1,7°	2,7°	15,6
6.	2,0°	6,0°	4,7°	2,7°	10,4
7.	4,8°	9,5°	7,8°	2,7°	20,4
8.	5,7°	9,1°	7,1°	2,7°	21,2
9.	4,5°	9,3°	6,2°	2,7°	16,4
10.	5,1°	6,7°	6,3°	2,7°	8,8
11.	6,3°	8,0°	6,9°	2,7°	16,0

Nedbørsoversikt Bergen for januar 2023

Konsekvensen av det som er gjort vises av bilder tatt på synfaring 11.01.23:



Kloppedalsbekken rett overfor Mjåtveit næringspark og fangdam 1



Kloppedalsbekken ved start tursti mot Furefjellet



Alver kommune vurderer å pålegge dykk gebyr for brot etter SAK 10 §16-1 bokstav c nr. 3  
 c) Den som prosjekterer, utfører, lar prosjektere eller lar utføre tiltak som nevnt i plan- og bygningsloven § 20-1 til § 20-4 i strid med bestemmelser gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven, ilegges gebyr:

3. inntil kr 200 000 der overtredelsen har ført til, eller ved fare for at den kan føre til personskade, alvorlig materiell skade eller skade for miljøet, samt ved vesentlige avvik fra plan, plankrav og forbudet i plan- og bygningsloven § 1-8.

Vi vurderer at overtredelsen i dette høvet har ført til fare for alvorleg skade på miljøet; Mjåtveitelva er underlagt særskild vern som følge av bestand av sjeldan elvemusling. Hendelsar som denne utgjør ein vesentleg risiko for bestanden. Vi vurderer tilfellet som i strid med tiltaksplanen som er en del av prosjekteringen og godkjenninga av arbeidet.

Alver kommune vurderer å pålegge dykk gebyr for brot etter SAK 10 §16-1 bokstav g nr. 2  
 g) Den som utfører eller lar utføre tiltak og virksomhet som nevnt i plan- og bygningsloven § 1-6 første ledd i strid med et klart forbud eller påbud i reguleringsplan eller kommuneplanens arealdel, ilegges gebyr:

2. inntil kr 100 000 ved vesentlige brudd på rettslig bindende kommuneplan og reguleringsplan som har ført til, eller gir stor mulighet for at det kan føre til, personskade, vesentlig materiell skade eller skade for miljøet.

Vi vurderer at overtredelsen har ført til fare for alvorleg skade på miljøet;

Mjåtveitelva er underlagt særskild vern som følge av bestand av sjeldan elvemusling. Hendelsar som denne utgjer ein vesentleg risiko for bestanden. Vi vurderer tilfellet som eit brot på gjeldande reguleringsbestemmelser:

#### § 7.2 Anna sikringsone

1. I anna sikringsone H190\_1 skal første og andre fangdam i reinseparken etablerast. Ein tredje fangdam skal etablerast i I anna sikringsone H190\_2 som sikring i flaumsituasjonar
2. Første fangdam skal vere minimum 1 m høg og ha ein minste kapasitet på 10m<sup>3</sup>. Fangdammen skal ta ut store partiklar som større sandkorn, grus og liknande
3. Andre fangdam skal vere minimum 1 m høg og ha ein minste kapasitet på 200m<sup>3</sup>. Fangdammen skal ta ut partikulært innhald i vatnet og skal ved normale nedbørsmengder ta all sedimentasjon gjennom filtrering i botn av dammen
4. Fangdammane skal ha jamt ettersyn og haldast ved like slik at deira funksjon er ivaretatt. Dersom dei ikkje har ønskja effekt må det gjerast forbetringar / tilpassingar slik at ureininga kjem på eit akseptabelt nivå
5. Mengd partiklar i vatnet (turbiditet) som renn ut frå reinsepark må ikkje overstige 2 FTU. Meland kommune skal straks varslast dersom vassprøver viser for høge verdiar. Under anleggsarbeid i områda som kan tilføre Mjåtveitvassdraget forureining, må det minimum to gonger i veka takast vassprøver for å halde oversyn over kor mykje partiklar det er i vatnet som renn frå anleggsområdet
6. Minimum to av dammane må vere fast etablert når området er bygd ut for å kunne ta opp eventuell forureining frå uhell og ulukker knytt til næringsområdet, samt sikre betre kvalitet på vatnet som renn frå planområdet
7. Om ikkje anna er særskilt avtalt mellom Meland kommune og tiltakshavar (Mjåtveit Næringspark AS), er tiltakshavar ansvarleg for oppfølging og miljøovervaking i tråd med § 7.2

#### Svar til førehandsvarsel

Den 25.01.23 fekk kommunen foreløpig tilbakemelding i saka frå tiltakshavar. Vi har notert oss følgjande moment frå svarbrevet:

- Utslipppet var et rent uhell.
- Arbeidet ble stanset straks etter at tilfellet oppstod.
- Det ble iverksatt slamsuging av fangdam 1 raskt.

Den 13.02.23 fekk kommunen utfyllande tilbakemelding til førehandsvarselet. Vi har notert oss følgjande moment frå svarbrevet:

- Utlippet skyldtes uheldige omstendigheter som Mjåtveit Næringspark ikkje hadde kontroll over.
- Innstruks gitt til utførende entreprenør om retningslinjer for arbeid.
- Mener arbeid er utført i samsvar med tiltaksplan.
- Tiltakshaver mener det ikkje foreligger uaktsomhet bak hendelsen.
- Arbeidene ble stanset straks etter at tilfellet oppstod.

Ansvarleg utførande har ikkje kome med tilbakemelding til førehandsvarsel om gebyr for brot.

#### Vurdering

Miljø & tilsynsavdelinga har vurdert tilbakemeldinga frå tiltakshavar datert 25.01.23 og 13.02.23 og har følgjande merknader.

Vi forstår saka slik at alle partar er einige om at partikkelforeininga skyldast arbeid i og ved næringsparken. Vi legg også til grunn at alle partane kjenner til føresegnene i reguleringsplanen §7.2.

Kommunen si vurdering er at føresegnene ikkje er ivareteke på ein tilfredsstillande måte. Fangdammane er ikkje etablert i samsvar med planen eller byggesaka. Dette har blitt poengtert i tidlegare møter. Vi har blitt orientert om at funksjonen likevel er ivareteke til tross for alternativ opparbeiding. Gjentatte episodar med partikkelforeining viser at dette ikkje stemmer.

**4. Fangdammane skal ha jamt ettersyn og haldast ved like slik at deira funksjon er ivaretatt. Dersom dei ikkje har ønska effekt må det gjerast forbetringar/tilpassingar slik at ureininga kjem på eit akseptabelt nivå**

Det har tidlegare vore gitt pålegg om stans av arbeider grunna høge turbidetsverdiar og partikkelforureining av Mjåtveitelva. Kommunen meiner gjentatte tilfeller viser at funksjonen ikkje er ivareteke og at det ikkje vart gjort tilfredsstillande forbetringar/tilpassingar av reinseparken.

På bakgrunn av dette vert det fatta vedtak om pålegg av gebyr for brot på plan- og bygningslova.

**Pålegg om gebyr for brot på plan- og bygningslova**

Kommunen vurderer forureininga som så betydeleg at det har utgjort vesentleg fare for skade på naturmiljø til det verna vassdraget.

Etter plan- og bygningsloven §32-8 fyrste ledd kan gebyr for brot berre verte pålagt om brotet er "gjort med forsett eller utan aktsemd". Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg. Det følgjer av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at *«aktsomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet.»*

Den som eig ein eigedom eller utfører eit arbeid er ansvarleg for at plan og bygningslova følgjast. Alver kommune er av den oppfatning at brotet i dette høvet er uaktsamt fordi dei ansvarlege har blitt gjort merksam på risikoen og ansvaret ved gjentatte anledningar tidlegare.

Kommunen si vurdering er at tiltakshavar ikkje har sørge for tilfredsstillande gjennomføring og etterlevelse av føresegnene i §7.2 i reguleringsplanen.

Kommunen si vurdering er at ansvarleg utførande også er ansvarleg fordi føretaket ikkje har fulgt instruksar frå tiltakshavar om stans i arbeid ved mye nedbør og dermed ytterlegare forverra belastninga med partikkelforureining av Mjåtveitelva. Instruks om arbeid vurderast som del av prosjektering og utførande er difor også ansvarleg ved å ikkje ha fulgt prosjekteringen.

Vi finn difor både tiltakshavar og utførande som ansvarleg i dette tilfellet.

Alver ilegg gebyr etter SAK 10 § 16-1 fyrste ledd bokstav c nr 3 fordi det har skjedd eit betydeleg påslepp av partikkelforreina vatn som har medført skade eller stor fare for skade på naturmiljø til det verna vassdraget. Beløpet settast imidlertid lågt innanfor den aktuelle gebyrstørrelsen for denne type forseelsar (50 – 200 000) då vi vurderer forseelsen som uaktsom, men ikkje forsetteleg.

**Andre opplysningar:**

Det er i utgangspunktet eigar/tiltakshavar sitt ansvar at plan- og bygningsloven, inkludert tidlegare gjevne løyve, vert haldne.

Det vert orientert om at endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

Gebyret må betalast sjølv om det vert klaga på vedtaket.

#### **Aktuelt regelverk**

- Plan

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 20/10001», eventuelt gnr 322, bnr 218.

#### **Aktuelt regelverk**

- Varsel om gebyr for brot etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 og byggesaksforskriften (SAK10) kapittel 16.
- Gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 .
- Rett til å uttale dykk før vedtaket vart fatta, jf. plan- og bygningsloven §32-8 tredje ledd.
- Rett til å avstå frå å uttale dykk før vedtaket vart fatta, jf. byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4.
- Grunnlag for utlegg er endeleg vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 siste ledd.
- Oppfyltingsfristen er 4 veker frå brevdato, jf. pbl §32-8 fjerde ledd.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Mjåtveit Næringspark AS

Grønamyurvege 5353  
n 2

STRAUME

**Mottakarar:**

Prosjektstyring Vest AS  
Vassbakk & Stol AS

Postboks 66  
Postboks 63

5318  
4291

STRUSSHAMN  
KOPERVIK